

## Årsmelding for Reksta ungdomslag for 2021.

Styre har i perioden vore samansett slik:

Leiar: Johnny Stigedal, vald for to år

Nestleiar: Olav Steimler, vald for to år (eit år i år for å kome i rute)

Sekretær: Åshild Reksten, vald for to år (eit år i år for å kome i rute)

Kasserar: Inger Stigedal, vald for to år

Styremedlem: Ingrid Reksten, vald for eit år

Vara: Anita Øygaard, vald for eit år

Vara Ida Reksten, vald for eit år

Revisor: Ingebjørg Reksten, vald for eit år og Eli Reksten vald for to år

Valnemnd: Lars Erik Reksten, vald for eit år og Ingebjørg Reksten, vald for to år

Det har i perioden vore halde to styremøte

Året 2021 her vore eit aktivt år for laget. Aktiviteten har vore prega av at skulen i 2022 fyller hundre år og mykje skal gjerast før alt er klart til jubileumsfesten vi skal ha.

Vi er stort sett i rute i høve dei planane vi la på førre årsmøte. Avtalen med Linja om oppgradering av straumnett er klar, og Lars Erik har fått arbeidet med ned gravinga av ny straumkabel. Kostnaden for laget blir frakt av rør og utstyr ut på øya. Det arbeidet startar så fort som råd no over nyttår. Her må vi alle hjelpe til å legge ned røra, og elles handarbeid i samband med påfylling av grøfta.

I skulen er vi ferdig med arbeidet som stod att på kjøkkenet og vindauga er fora mot aust. Det arbeidet som no står att, er stort sett å male. I dette inngår og sliping og maling av golvet i skulestova.

Toalettbygget er og isolert og fått ny kledning og dette arbeidet vart gjort av ivrige dugnadsfolk.

I sanitærbygget er arbeidet med bygging av kjølerommet ferdig. Det blei klart til jakta i fjord haust, men vart ikkje nytta. Det er litt uvist om kjølemaskina er heilt i orden, så det må vi få fagfolk til å sjekke. Toalett delen er også for det meste ferdig og vi har berre å få opp dusjkabinett og skap rundt varmtvasstank.

I samband med søknaden vi har sendt om kulturmidlar, er det enno ikkje søkt om fritak frå universell utforming. Det arbeidet må bli prioritert. Før eit slikt vedtak er gitt, kan Reksta ungdomslag ikkje nytte dei midlane på kr. 75.000,- som vi har fått i forskot frå Kinn kommune.

Laget har og fått midlar frå Strandrydding og folk på øya har vore aktive med å samle inn plast frå fjærene.

Det har heller ikkje i denne perioden vore vanskeleg å få hjelp til dei arbeidsoppgåvene vi har jobba med, og alt tyder på av vi skal kome i mål og få Reksta skule ferdig inn og ute til jubileumsfesten.

Styre vil rette ei stor takk til alle som har vore med å bidrege i arbeidet som er gjort i perioden, og laget er avhengig av at folk stiller på dugnad og er engasjert i arbeidet med å ta vare på Reksta skule.

Reksta 20. februar 2022

Styre i Reksta Ungdomslag